



Innst. 143 S

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 37 S (2010–2011)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2010 under Utenriksdepartementet

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Programområde 02 Utenriksforvaltning

Det blir gjort framlegg om å auke ulike postar med til saman 9 mill. kroner og redusere andre postar med 2 mill. kroner. Endringane har i hovudsak samanheng med endra kontingentar til internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i (m.a. FNs fredsoperasjonar og andre FN-organisasjonar, NATO, Nordisk ministerråd, OECD, EFTA), og mindre endringar i departementet sine administrasjonsutgifter.

1.2 Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

Innanfor budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp blir det gjort framlegg om auka løyvingar på enkelte postar med til saman 230 mill. kroner og reduksjonar på andre postar med tilsvarende beløp.

Framlegget om auka løyvingar er i hovudsak knytta til kap. 150 post 78 Regionløyving for Afrika (75 mill. kroner), kap. 163 post 70 Naturkatastrofar (90,23 mill. kroner) og post 71 Humanitær hjelp (59,24 mill. kroner).

Utgiftene til flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp, blir i denne proposisjonen foreslått redusert med 197,47 mill. kroner.

2. Forslag til løyvingar

2.1 Programområde 02 Utenriksforvaltning

Kap. 100 Utenriksdepartementet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det er etablert ei stilling som næringslivsutsending ved generalkonsulatet i Murmansk for styrking av det norsk-russiske næringssamarbeidet i nord, jf. omtale i St.prp. nr. 59 (2007–2008). I samband med dette blir det foreslått omdisponert 1 mill. kroner frå kap. 118 post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland til kap. 100 post 1 Driftsutgifter.

Løyvinga blir foreslått auka med 1 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet

Post 1 Driftsutgifter

Utgiftene til kongefamilien sine reiser til utlandet i 2010 blir noko mindre enn tidlegare budsjettert.

Løyvinga blir foreslått redusert med 1 mill. kroner.

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

POST 70 TILSKOT TIL INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Reviderte overslag over norske utgifter til kontingentar i internasjonale organisasjonar i 2010 viser eit netto meirbehov på 8 mill. kroner.

Endringane er i hovudsak knytta til FNs fredsoperasjonar. Den norske kontingenten til FNs fredsoperasjonar i 2010 aukar med 101 mill. kroner (m.a. Darfur og Haiti) i høve til tidlegare overslag, jf. Prop. 1 S (2009–2010). Dette har samanheng med at lengda for mandatet varierer for den enkelte operasjon, basert på ei vurdering frå Tryggingrådet si side. Kravet til innbetaling er dermed ikkje samstemt med det

norske budsjettåret med omsyn til når kravet kjem og kva periode kravet gjeld for. Årsaka til meirforbruket har samanheng med Haiti-operasjonen etter jordskjelvet i januar i år og operasjonen i Sudan i samband med avviklinga av valet i april.

Dette meirbehovet blir i hovudsak dekkja opp av eit mindrebehov til diverse FN-organisasjonar, NATO, Nordisk ministerråd, OECD og EFTA, i hovudsak grunna endra valutakursar.

Løyvinga på posten blir dermed foreslått auka med netto 8 mill. kroner.

Kap. 118 Nordområdetiltak m.m.

POST 70 NORDOMRÅDETILTAK OG PROSJEKT-
SAMARBEID MED RUSSLAND,
KAN OVERFØRAST

Det blir foreslått omdisponert 1 mill. kroner frå denne posten til finansiering av stilling som næringsutsending ved generalkonsulatet i Murmansk, jf. omtale under kap. 100 post 1 ovanfor.

Løyvinga blir foreslått redusert med 1 mill. kroner.

2.2 Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

Det er funne rom for å omfordele 230,5 mill. kroner under budsjettet for utviklingshjelp, på bakgrunn av mindretgifter til flyktningtiltak i Noreg (kap. 167) og justeringar under andre postar på budsjettet for utviklingshjelp, jf. omtale nedanfor.

Kap. 144 Fredskorpset

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Utgiftene i 2010 blir noko mindre enn tidlegare budsjettert.

Løyvinga blir foreslått redusert med 4,1 mill. kroner.

Kap. 150 Hjelp til Afrika

POST 78 REGIONLØYVING FOR AFRIKA,
KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka for å kunne oppskalere satsinga på tiltak for klimatilpassing og rein energi i Afrika. I tillegg vil noko av midlane gå til utdanningstiltak. Auken vil såleis vera i samsvar med satsinga som også er foreslått i budsjettet for 2011.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 75 mill. kroner.

Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling

POST 72 DEMOKRATISTØTTE/PARTI,
KAN OVERFØRAST

Etter avviklinga av Norsk senter for demokrati-støtte og etablering av ny ordning i år, underlagt Norad, er partia forseinka med å utarbeide nye prosjektforslag. Disponibel løyving på posten i 2010 utgjør 12,865 mill. kroner, inkl. overført beløp frå 2009.

Løyvinga blir foreslått redusert med 7,0 mill. kroner.

POST 75 INTERNASJONALE ORGANISASJONAR OG
NETTVERK, KAN OVERFØRAST

6 mill. kroner avsett på denne posten til samarbeid med Clinton Foundation blir foreslått omfordelt til kap. 170 post 76 til hiv- og aidstiltak gjennom ILO, jf. omtale under kap. 170 post 76 nedanfor.

Mindreforbruket er knytta til samarbeid med Clinton Foundation om hiv-forebygging.

Løyvinga blir foreslått redusert med 6,0 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

POST 70 NATURKATASTROFAR, KAN OVERFØRAST

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 90,23 mill. kroner for hjelp til naudlidande etter naturkatastrofar.

I år er det særleg hjelp til naudlidande etter jordskjelvet i Haiti, flaumen i Pakistan og turke i Vest-Afrika som er prioritert.

Den omfattande humanitære innsatsen etter jordskjelvet i Haiti, flaumen i Pakistan og turken i Vest-Afrika har krevd store ressursar både i Noreg og internasjonalt. Det blir normalt sett av ein reserve frå denne posten til uforutsette kriser gjennom året. På grunn av dei mange krisene i 2010 er denne reserven brukt opp. Erfaringsmessig vil det oppstå nye kriser både i Afrika, i Asia og Latin-Amerika i løpet av året. Det er dessutan behov for å bygge opp att den internasjonale responskapasiteten.

POST 71 HUMANITÆR HJELP, KAN OVERFØRAST

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 59,24 mill. kroner.

Også under denne posten er hjelp etter jordskjelvet i Haiti og flaumen i Pakistan prioritert i 2010. Den omfattande humanitære innsatsen etter jordskjelvet i Haiti og den norske innsatsen etter flaumen i Pakistan seinast i sommar har lagt beslag på store ressursar også over denne posten. Det er i utgangspunktet store utfordringar på dette området, og det

gjensstår no liten fleksibilitet til å møte akutte kriser gjennom året.

Kap. 166 Miljø og bærekraftig utvikling m.m.

POST 70 YMSE TILSKUDD, KAN OVERFØRAST

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 5,9 mill. kroner for inndekking av auka utgifter på andre postar under programområde 03. Det blir vist til Prop. 1 S (2009–2010) om bruk av midlene på denne posten.

POST 71 INTERNASJONALE PROSESSAR OG KONVENSJONAR M.M., KAN OVERFØRAST

Det er mindre behov for midlar til internasjonale konferansar enn tidlegare budsjettert.

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 10 mill. kroner.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER, KAN OVERFØRAST

Dei ODA-godkjende utgiftene til flyktningtiltak i Noreg har minka i 2010.

Dette er omtalt under respektive proposisjonar under Justisdepartementet (kap./post 3490/1, 3490/3 og 3490/4), Kunnskapsdepartementet (kap./post 3225/4) og Barne og likestillingsdepartementet (kap./post 3821/1, 3822/1, 3854/4 og 3856/4).

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 197,47 mill. kroner.

Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

POST 76 TILLEGGSMIDLAR VIA FN-SYSTEMET M.M., KAN OVERFØRAST

Posten blir foreslått auka med 6 mill. kroner til tiltak mot hiv og aids i regi av ILO, jf. omtale under kap. 160 post 75 ovanfor.

2.3 Andre forslag

Kap. 166 Miljø og bærekraftig utvikling m.m.

POST 73 KLIMA OG SKOGSATSINGA, KAN OVERFØRAST

Gjeldsbrevordning under klima- og skogsatsinga i Brasil

Det vert gjort framlegg om å innføre ei gjeldsbrevordning for samarbeid med Brasil under den norske klima- og skogsatsinga. Ei gjeldsbrevordning inneber at løyvingane til Brasil under kap. 166 Miljø og bærekraftig utvikling, post 73 Klima og skogsatsinga blir utgiftsførde i takt med oppnådde avskogingsresultat og sette inn på konto i Noregs Bank.

Forslaget om etablering av ei slik ordning blir lagt fram for å ivareta målet om resultatbasert betaling relatert til nedgang i avskoginga. Dette inneber at midlane i samsvar med inngått avtale blir forplikta på grunnlag av oppnådde resultat, men blir utbetalt til mottakarlandet først når konkrete utviklingsprosjekt blir sette i verk. Etablering av gjeldsbrevordninga aukar ikkje dei norske forpliktingane overfor Brasil, men gjeldsbrevordninga er ein ny måte å organisere overføring av midlane på.

Noreg underteikna i 2009 ein avtale med Den brasilianske utviklingsbanken (BNDES), som forvaltar Amazonasfondet. Norsk samla bidrag til Brasil for perioden 2009/2010 er på 1,55 mrd. kroner. Midlane til Brasil blir forplikta på grunnlag av oppnådde resultat, men blir utbetalt til Brasil først når konkrete utviklingsprosjekt blir sett i verk. Fordi det har tatt tid å byggje opp ein prosjekt- og investeringsportefølje i Brasil, står ein overfor ein situasjon der differansen mellom inngåtte avtalar og faktiske utbetalningar er stor. Hittil er om lag 292 mill. kroner av forplikta midlar utbetalte.

Ei gjeldsbrevordning for Brasil bør vere gjeldande frå og med 2010, slik at midlane som er forplikta, men ikkje utbetalt, kan overførast konto i Noregs Bank og bli utgiftsførde i løyvingsrekneskapen for 2010. Den samla summen som vil bli overført til konto i Noregs Bank under den nye gjeldsbrevordninga for 2010 vil vere om lag 1,3 mrd. kroner. Midlar på konto i Noregs Bank vil framstå i kapitalrekneskapen under Utanriksdepartementet. Etablering av ei gjeldsbrevordning inneber at løyvde midlar det enkelte året blir utgiftsførde i løyvingsrekneskapen i samsvar med inngått avtale, og overført konto i Noregs Bank. På den måten vil uteståande forpliktingar vere lett tilgjengelege for utbetaling i seinare budsjetterminar.

Storleiken på tilsagnsfullmakta under denne ordninga vil bli vurdert i samband med dei årlege budsjettforslaga i lys av årlege løyvingar og utbetalningar under gjeldsbrevordninga.

For å synleggjere at midlane blir utgiftsførde i budsjettet i takt med oppnådde avskogingsresultat i Brasil, er det nødvendig å fråvike løyvingsreglementet § 3 andre ledd, jf. forslag til vedtak II.

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsens, Eva Kristin Hansen, fung. leder Svein Roald Hansen, Sverre Myrli, Tore Nordtun og Helga Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund, Siv Jensen, Peter N. Myhre, Kari Storstrand og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Peter Skovholt

Gitmark, Ivar Kristiansen og Afshan Rafiq, fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Arvid Svendsen, viser til den fremlagte proposisjonen. I proposisjonen foreslås det en økning på 9 mill. kroner under programområde 02, Utenriksforvaltning, hovedsakelig til dekning av økte kontingenter til internasjonale organisasjoner, men også 1 mill. kroner til finansiering av stillingen som næringsutsending ved generalkonsulatet i Murmansk.

Komiteen viser videre til forslaget til omfordeling av 230 mill. kroner innen programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp. Der foreslås det blant annet å øke regionstøtten til Afrika med 75 mill. kroner samt støtten ved naturkatastrofer og til humanitær hjelp med henholdsvis 90,23 mill. kroner og 59,24 mill. kroner.

Komiteen registrerer at utgiftene til flyktningetiltak – såkalte ODA-godkjente utgifter – er redusert i 2010 og at bevilgningene til dette formålet derfor foreslås redusert med 197,47 mill. kroner.

4. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endringer

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
100		Utenriksdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 711 618 000 til kr 1 712 618 000	1 000 000
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 8 413 000 til kr 7 413 000	1 000 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 1 312 037 000 til kr 1 320 037 000	8 000 000
118		Nordområdetiltak m.m.	
	70	Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 300 151 000 til kr 299 151 000	1 000 000
144		Fredskorpset	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 50 801 000 til kr 46 701 000	4 100 000
150		Hjelp til Afrika	
	78	Regionløyving for Afrika, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 693 500 000 til kr 2 768 500 000	75 000 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	72	Demokratistøtte/parti, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 7 000 000 til kr 0	7 000 000
	75	Internasjonale organisasjonar og nettverk, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 172 500 000 til kr 166 500 000	6 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 490 000 000 til kr 580 230 000	90 230 000
	71	Humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , blir auka med Frå kr 2 122 600 000 til kr 2 181 840 000	59 240 000
166		Miljø og bærekraftig utvikling m.m.	
	70	Ymse tilskudd, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 7 300 000 til kr 1 400 000	5 900 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., <i>kan overførast</i> , <i>blir redusert med</i> frå kr 33 000 000 til kr 23 000 000	10 000 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 2 224 538 000 til kr 2 027 068 000	197 470 000
170		FN-organisasjonar m.m.	
	76	Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 449 200 000 til kr 1 455 200 000	6 000 000

II

Bruk av gjeldsbrev

Stortinget samtykkjer i at Utanriksdepartementet i 2010 kan fråvike løyvingsreglementet § 3 andre ledd ved å skrive ut gjeldsbrev i samband med overføring av midlar til Den brasilianske utviklingsbanken for klima- og skogsatsinga i Brasil.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 8. desember 2010

Svein Roald Hansen

fung. leder og ordfører

